

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

L J

REF.  
201004428-/JMB

VÅR REF.  
NTE/1245-1

DATO  
13.04.2012

## Høringsfråsegn frå Språkrådet om forslag til forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanninga

Språkrådet takkar for høringsbrev frå Kunnskapsdepartementet dagsett 01.02.2012. Under følgjer våre vurderingar av dei to punkta som blir særleg trekte fram i høringsbrevet.

### *Vurdering av innhaldet i § 1 og § 2*

Språkrådet meiner det er godt og nødvendig at det blir stilt omfattande krav til barnehagelæraren sin kunnskap om barns språkutvikling slik det kjem fram i dette punktet frå § 2:

Kandidaten:

- Har bred kunnskap om barns språkutvikling, flerspråklighet og gryende lese-, skrive- og regneferdigheter.

Språkrådet meiner likevel at departementet bør tydeleggjere kva ein her legg i omgrepet ”fleirspråkleg”. I NOU 2010:7 *Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringsystemet* er fleirspråklegheit definert slik:

”En person som er vokst opp med to eller flere språk og som identifiserer seg med disse språkene og/eller en person som identifiserer seg med flere språk og bruker flere språk i sin hverdag, selv om språkbeherskelsen ikke er like god på alle språk.” (s. 25)

I ordbøkene, og dermed truleg i allmennspråket, finn ein til dels andre definisjonar av omgrepet: 1 *som har fleire (enn eitt) morsmål; som meistarar fleire språk* og 2 *som er på el. som gjeld fleire språk*, til dømes i omgrep som ”fleirspråkleg skule” og ”fleirspråkleg bok”. Ei klargjering av kva ein skal leggje i ordet i denne samanhengen, er derfor nødvendig etter vårt skjønn.

Barnehagen er ein sentral arena for barns språkutvikling. Språkr rikdomen som finst i norsk, er ein rikdom som ofte ikkje blir verdsett og utnytta. Variasjon og skilnader i språklege uttrykk gjer at ein ser språket tydelegare, og det igjen stimulerer til språkleg refleksjon og medvit. Slik spenning oppstår til dømes i møte mellom ulike dialektar, mellom ulike språk, mellom nynorsk og bokmål og mellom ulike kulturar. Språkleg



POSTADRESSE  
Postboks 8107 Dep  
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE  
Observatoriegata 1 B  
NO-0254 OSLO

TELEFON  
+47 22 54 19 50  
TELEFAKS  
+47 22 54 19 51

E-POST  
post@sprakradet.no

INTERNETT  
www.sprakradet.no  
www.sprakradet.no

medvit er ein avgjerande faktor for at barn skal lære seg å lese og skrive. Resultat frå PIRLS-undersøkingane viser også at elevar som er rikt språkleg stimulerte før dei kjem til skulen, blir motiverte og gode lesarar. Det vil seie at for å stimulere til nynorsk lese- og skrivekompetanse må barna møte nynorsk tekst òg i andre samanhengar enn på skulen, til dømes i barnehagen. Språkrådet meiner at det må komme klart fram i forskrifta at barnehagelæraren skal ha kunnskap om og i begge dei norske målformene og har ansvar for å drive språkutvikling på både nynorsk og bokmål. Dette bør innarbeidast i § 2 i forskrifta, til dømes slik som vist her:

Kandidaten:

- Har bred kunnskap om barns språkutvikling, flerspråkligheit, inkludert nynorsk og bokmål, og om barns gryende lese-, skrive- og regneferdigheter.

### *Vurdering av namneskifte*

Rundskriv V-11/2007 frå Kulturdepartementet tek opp språkfaglege konsultasjonsrutinar for namnelaging i staten (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/rundskriv/2007/sprakfaglige-konsultasjonsrutiner-ved-na.html?id=468067>). Ifølgje dette skrivet bør Språkrådet bli konsultert så tidleg som mogleg i arbeidet med namneval og namneutforming for statstilknytte organ. Dette er for å sikre at språkfaglege og språkpolitiske omsyn ikkje blir gløymde i slike namneprosessar.

Når det gjeld skifte frå nemninga ”førskulelærerutdanning” til ”barnehagelærerutdanning”, meiner Språkrådet at omgrepet ”barnehagelærer” er ei grei nemning.

Definisjonane av ”førskole” og ”barnehage” i Nynorskordboka og Bokmålsordboka er slik:

**førskole** el. **førskule** barnehage; særli: skuleordning (siste året) før den obligatoriske barneskulen  
**barnehage** (etter ty. Kindergarten) pedagogisk tilbod på dagtid for barn under skulepliktig alder og for eldre barn på tilsvarende mogningssteg heiltids- / korttids-

**førskole** (av *II før*) spesielt pedagogisk tilbod til seksåringer, jf *barnehage*

**barnehage** (etter ty. Kindergarten) pedagogisk tilbod på dagtid for barn under skulepliktig alder heiltids-, korttids-

I nemninga ”førskule” kjem opplæringsaspektet tydelegare fram, kanskje òg det pedagogiske elementet. Når ”barnehage” blir brukt, kan det gi assosiasjonar til meir leik og uteliv og mindre målretta læringsaktivitetar. ”Førskule” er likevel ei nemning som er lite aktuell, og mindre brukt enn før. Det vanlege omgrepet no er ”barnehage” om alt som er før grunnskulen. ”Barnehagelærerutdanning” ser derfor ut til å vere den nemninga som best samsvarer med allmennspråket.

Vennleg helsing

Arnfinn Muruvik Vonen  
direktør

Nina Teigland  
samfunnsrådgivar

